

---

**Fra:** Geir Styve <geir@humorbonden.no>  
**Sendt:** mandag 20. august 2018 21:36  
**Til:** firmapost-vest@vegvesen.no; Postmottak Lindås  
**Kopi:** marianne.skulstad@vegvesen.no; Siril Therese Sylta; mg-tang@online.no  
**Emne:** Ekstra saksdokument som tillegg, i høve dispensasjonssøknad 18/41739-12 fv 391 Apalen - Hillesvåg.  
**Vedlegg:** GANG 1.pdf

Viser til vår søknad om dispensasjon i sak 18/41739-12 fv 391 Apalen – Hillesvåg. Vi har tiltrø til at både Lindås Kommune og Statens Vegvesen held seg oppdatert på rundskriv frå Samferdselsdepartementet.

Vi tillet oss likevel å be om å få lagt inn det vedlagte dokument i saka. Dokumentet er datert 6.7 2018, - to månader etter at vår dispensasjonssøknad vart sendt inn. Tittel er «Gang og sykkelveg langs fylkesveg og kommunale vegar, Tekniske krav.» Departementet sitt referansenummer 17/2170-14 (vedlegg)

Vi ser dette som ei forsterking frå Departementet si side av dokument datert 11.07.2016 som vi har tufta vår søknad på.

Vår søknad om stegvis utbygging er dermed svært godt i tråd med regjeringa sin dagsaktuelle politikk om å finne rimelegare tekniske løysingar for å få realisert sikring.

Vi har allereie utarbeidd fleire konsulentforslag til konkret løysing, og forstår at Lindås kommune har gjort det same.

Diverre har ingen av desse har lete seg fullfinansiere, og utbetringsarbeid er dermed ikkje igangsett.

Når vi no går inn for ei trinnvis utbygging gjennom å tilby 4.5 mill, så er det viktig for oss å presisere at

for vår del må gjerne dei trafikktryggleiksansvarlege for området velje heilt andre løysingar enn våre skisser framlagt i søknaden.

Vi er opptekne av å ta samfunnsansvar ved å bidra til tryggleik for eksisterande og nye bebuarar, men dette må naturleg nok vere innanfor rammer som lar seg finansiere.

Vi vonar inderleg at vi no ikkje endar i ein runndans der vi må kome opp med stadig nye tekniske forslag til vurdering før avgjerd av dispensasjonssøknaden.

Slike planar kostar som kjent pengar, og tar tid – noko som ikkje er ubegrensa ressursar hjå oss som skal betale dette.

Vi ser med positiv forventing fram til den vidare sakshandsamingsprosessen.

Geir Styve

For Hjelmåsen as og Apalen Sør as